



BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
DESEMBER 2023**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før søndag 17. desember kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 4. januar. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

Gode sambygdinar

FN har ein eigen kalender, dagar der ein ynskjer å trekke fram ulike tema i verda. Ein av desse markeringsdagane, 5. desember, er sett av til å markere alt frivillig arbeid som vert gjort over heile verda. Denne dagen er eit flott høve til å takke alle lokale frivillige, og fortelja at me sett pris på dei frivillige organisasjonane me har i Bjerkreim. 2022 var «frivillighetens år», men det er like viktig å gje ein klapp til alle kvart einaste år.

Frivillig arbeid er ein viktig og tradisjonsrik del i det norske samfunnsmaskineriet. Det norske ordet dugnad skildrar dette. Alt arbeidet i lag og foreiningar. Arbeid i ungdomslag og idrettslag, i kor, turgrupper, jentelag og gutelag eller når marken skal arrangerast i bygda. I Bjerkreim har me over 80 ulike lag og foreiningar! Små og store, med alt frå mange hundre medlemmer, til ei handfull.

I Bjerkreim er me flest som er frivillige i ein organisasjon, men me må ikkje gløyma alle som og arbeider som frivillig elles. Som besøksven, som sjåfør, leksehjelp eller som rett og slett hjelper ein nabo som treng hjelp i ei vanskeleg tid. Å vera frivillig, gjev mykje til både den som gir og den som mottar. Mange som er så pass vaksne at ein hadde minnebøker på skulen, har nok minst eit minne der det er skrive «Den største gleda ein kan ha, det er å gjera andre glad».

2023 er spesielt år i Bjerkreim si historie. For fyrste gong har me fleire innbyggjarar over 65 år, enn under 15. Ei større gruppe eldre, fører til at me får fleire som vert demente, også hjå oss. Me veit at me vert færre hender og hovud til å utføra lønna arbeid. Svært mange av dei som no vert pensjonistar ynskjer å bidra som frivillig, og er det ein fantastisk ressurs!

Det som er viktig framover, er å lage ein god plan for korleis me skal kunne samarbeide, det offentlege og frivillige. Som ein start, vil kommunen inngå eit forpliktande samarbeid med Nasjonalforeningen. Deira program for eit demensvennleg samfunn, inneber å halde kurs der tilsette i privat og offentlege serviceyrke, lærer korleis ein møter personar med demens. Me håper det kan vera med å gjera det litt lettare for dei som får sjukdommen, slik at ein klarer å meistre kvardagen.

På vegne av Bjerkreim kommune, takk til deg som er frivillig!

Vennleg helsing, Tone Vaule

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no
Kommunestyre: Tysdag 12. desember kl. 16.00

LIS1 LEGE



Helena Bonde arbeider som lege i spesialisering (LIS1) ved Bjerkreim legekontor fram til 1. mars.

INNSKRENKA ÅPNINGSTID KOMMUNEHUSET

I romjula blir hoveddøra åpen mellom kl. 10.00 og kl. 14.00. Det samme gjelder sentralbordtjenesten.

RINGEVIKARER

Vi trenger flere ringevikarer ved omsorgssenteret og Miljøtjenesten. Er du interessert i å arbeide med mennesker? Ta kontakt på mail:

Omsorgssenteret:

Ellen C. Vikeså: ellen-cecilie.vikesa@bjerkreim.kommune.no
eller Silje B. Ege: silje.birkeland.ege@bjerkreim.kommune.no

Miljøtjenesten:

Björg B. Tengesdal: bjorg.tengesdal@bjerkreim.kommune.no

SVØMMEKURS VÅREN 2024

Oppstart etter juleferien, påmeldingsfrist 2. januar. Åtte kursdager, kursdag er fredager:

Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs
Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn
Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs
Kl. 18.00 - 18.45 - vid 1
Kl. 18.45 - 19.30 - vid 2

Elektronisk søknad skjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sine hjemmeside under Skjema/søknadssenter – kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

BIBLIOTEKET HAR LAURDAGSOPE

Biblioteket har laurdagsope kl 10.00 – 14.00 frå og med 2. desember. Ikkje ope 23. des. Besøk gjerne dei nye nettsidene til biblioteket: bjerkreimfolkebibliotek.no

BIBLIOTEKET I ROMJULA

Biblioteket har ope onsdag, torsdag og fredag i romjula.

NAV

(på kommunehuset) er stengt 27. des.

JULEGRANTENNING

Tid: Fredag 01.12 kl. 18.00

Sted: Utenfor kulturbanken

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes.

Gang rundt juletreet, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole.

Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl. 17.30, pause i matsalg fra kl. 18.00 - 18.20 mens vi går rundt juletreet).

Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

VELKOMMEN TIL KULTURDAGEN 2023

Sted: Bjerkreim samfunnshus

Tid: Søndag 03.12 kl. 14.00- 16.00

Dørene åpner kl. 13.30

- Dansere og sang fra Bjerkreim kulturskole.
- Åpning av vår egen pepperkakeby
- Musikk av Dalane Storband
- Utdeling av innsatspremier og byggeskikkpris
- Salg av mat v/ «Polengruppa» 9. trinn Vikeså skule.
- Nisser
- Aktivitetsverksted for barn
- Salg av julekranser mm. v/ Brukskunstforeningen
- Konsert med Tønes, starter ca. kl. 15.15
- Gratis adgang, velkommen til alle



OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass. Velkommen til symjehallen på Vikeså skule, kvar laurdag frå 21.10 t.o.m. 23.12. Oppstart etter nyttår 6. januar. Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebading. Gratis adgang. Bleiebarn må bruke badebleie.

Opningstider:

Kl 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 - 11.30: Vaksne over 18 år

Kl 11.30 - 12.15: Familiebading

Kl 12.15 - 13.00: Familiebading

Kl 13.00 - 13.45: Familiebading

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 09.45 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

Ha eit godt bad!

HAR DU LYST PÅ ELEKTRISK SYKKEL?

Nå har du muligheten til å få hjelp til å finansiere kjøpet. Du kan få inntil 5000 for å kjøpe el-sykkel.

Søknadsfristen er 7. desember.

- I et miljø- og folkehelseperspektiv er vi alle nødt til å bruke bilen mindre og kroppen mer, sier ordfører Tone Vaule. Kolumbus og Bjerkreim kommune ønsker å legge til rette for at flere velger sykkel framfor bil i Bjerkreim. Derfor har Bjerkreim kommune fått 125.000 kroner av Kolumbus. Pengene går til å støtte innbyggere i kommunen som kjøper el-sykkel.



Skann koden med mobilen, eller les mer og søk om støtte til å kjøpe el-sykkel: www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-fritid-og-turisme/tilskudd-til-kjop-av-el-sykkel/

Kulturskolen presenterer:

MUSEVISA – EN MINIMUSIKAL

På Samfunnshuset tirsdag 5. desember kl. 18.00.

En liten musikal for hele familien som tar oss med inn i musenes verden og deres juleforberedelser. Kanskje må små og store lærer å samarbeide?

Det blir skuespill, sang, dans og band med kulturskolens elever.

To av kulturskolens lærere, Dyveke Sæther og Anne Margrethe Vikeså, har skapt og utviklet produksjonen.

Arrangementet er åpent for alle og det er gratis! (hvis det blir stor pågang må vi prioritere foresatte til elevene som fremfører)

UTSTYRSLAGER FOR FRILUFTSUTSTYR PÅ SKJERABERGET – GRATIS KORTTIDSUTLÅN

Bjerkreim kommune har i samarbeid med Dalane Friluftsråd opprettet et utstyrlager for korttidsutlån av friluftsutstyr på Skjeraberget folkehelsehus.

Skoler, frivillige organisasjoner og flyktingetjenesten låner gratis. Private betaler litt i leie.

De som trenger å låne for eksempel ski til en skitur eller telt og soveposer til en fjelltur, kan kontakte Dalane Friluftsråd på e-post: ubbjekreim@gmail.com

Vi har også med støtte fra bl.a. Rogaland fylkeskommune fått kjøpt inn en kanohenger med åtte kanoer. Denne er også til fri benyttelse for lag og foreninger eller private etter avtale. Men hengeren har dessverre ikke plass inne i lageret, og står foreløpig utenfor.

Er det noen som har litt ledig plass i et uthus/låve/lager/garasje og kan la kanohengeren «overvintre» hos seg fram til ny sesong på våren?

Er det noen som har pent brukt friluftsutstyr de kan tenke seg å gi til utstyrsbanken? F.eks. ski, skøyter, slalåmski, sykler, soveposer, sekker eller annet? Ta kontakt med Friluftsrådet!

PENSJONISTMØTE

Samling med middag 9. desember kl. 13.00 på Vikeså misjonshus. Påmelding senest mandag 4. des. til Johan Vassbø tlf. 95140659. Kr 200 for medlemmer og kr 250 for ikke-medlemmer. Velkommen.

Arr. Bjerkreim pensjonistlag

Nasjonalforeningen for folkehelsen



JULEBINGO

Onsdag 13. desember kl. 14.00-ca 16.00 i peisestova på Vikeså misjonshus. Alle velkomne.

Arr. Helselaget

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535
Nasjonalfor. for folkehelse

JULESNOP

Tid: 6. desember

Sted: Bjerkreim skule kl. 18.00
Påmelding til Liv Karin Strand, tlf. 917 29 184

Begrenset plasser.

Påmeldingsfrist: 3/12-23

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

ADVENTSKOS MEDLEMSKVELD

Tid: 12. desember kl. 19.00

Sted: Bjerkreim samfunnshus, lille salen

Adventskos med grøt og utlodning.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 14. desember kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 6. desember: Turen går til Solfrid og Erik T. Skretting på Varhaug. Avreise kl. 10.00 fra Esso, Vikeså.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

LÅVEFEST

Window of Hope arrangerer låvefest på Gjedrem 50. Søndag 3. des. kl. 19.00.

Det blir bl.a. salg av graut, nytt fra Kenya, utlodning og nytt damefadderkor.

Ta gjerne med en kopp! Vi selger kaffe. Velkommen!

BRETTSPELKLUBB

Til deg som har lyst til å lære eit nytt brettspel eller har lyst til å spela favorittspelet ditt med nye folk: velkommen til Bjerkreim Brettspelklubb!

Tidspunkt: 13. desember kl. 19.00.

Stad: Skjeraberget folkehelsehus

GLOBAL KAFE

Onsdag 29.11 kl. 17.30- ca. 19. på Vikeså misjonshus blir det juleverksted på Global kafé. Vi lager kranser og kurver. Alle er velkommen - ta gjerne med noe vintergrønt og julekaker hvis du har.

Vi har global kafé hver uke, annenhver gang på Bjerkreim bedehus og på Vikeså misjonshus. Velkommen til kaffe og drøs. Alle er velkomne.

UKRAINSK JULETREFEST FOR BARN

Fredag 29. desember kl. 17.00-19.00 på Bjerkreim bedehus.

Alle er velkomne!

ÆTTESOGELAGET

Bjerkreim i Rogalandshistorien

Tid: Torsdag 7. desember kl 19.

Stad: På kommunehuset



Tom Hetland, tidlegare redaktør av Aftenbladet og halvt Bjerkreimbu, held foredraget «Bjerkreim i Rogalandshistorien».

Presentasjon og utdeling av Årshefte 2023. Julegraut.

Alle velkomne!

SØK OM FRITIDSSTØTTE

Fritidsstøtte er en ordning for familier som trenger økonomisk støtte for at barna skal kunne delta på fritidsaktiviteter. Pengene kan for eksempel brukes til å betale medlemskap, lisenser, utstyr, turer, cuper, turneringer, heiskort, reiser, leir eller lignende. Fritidsstøtten er et samarbeid mellom Bjerkreimsmarken og Bjerkreim kommune.

Søknadsskjema ligger på Bjerkreim kommunes nettside under: Populært å Skjema/søknadssenter å Kultur og fritid å Søknad om fritidsstøtte. For spørsmål eller hjelp, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator på e-post: line.pettersen@bjerkreim.kommune.no.

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 20.00 Fredagsklubb

06. kl. 18.00 Bønnemøte

07. kl. 17.00: Vikeså Soul Kids

11. kl. 19.00 YngRes og Korvett

13. kl. 14.00 Bingo

13. kl. 17.30 Global kafe

13. kl. 20.00 Samtalemøte

14. kl. 17.00: Vikeså Soul Kids

16. BKU

27. kl. 17.00 Julesamling for alle

Glimt frå Bjerkreimsoga



Bjerkreim Ættesogelag

Årshefte 2023

Årshefte 2023, frå Ættesogelaget vert i sal på kommunehuset frå 1. des.

BJERKREIM BEDEHUS

2. kl. 20.00 BKU

4. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget

5. kl. 19.30 Bønnemøte

6. kl. 09.30 Minsten

kl. 17.30 Global kafe

10. kl. 11.00 Endelig søndag

kl. 11.20 Søndagsskule

11. kl. 19.00 Yngres

12. kl. 19.30 Bønnemøte

13. kl. 09.30 Minsten

15. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

18. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget

19. kl. 19.30 Bønnemøte

26. kl. 18.30 Juletreff, Imf

28. kl. 17.00 Juletreff, søndagsskulen

29. kl. 17.00-19.00 Ukrainsk juletreff

31. Nyttårsfest, BKU



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

Sundag 3. desember kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Lys Vaken deltek.

Sundag 10. desember kl. 19.00.

Lysmesse i Bjerkreim kyrkje med konfirmantane

Sundag 17. desember kl. 18.30.

Julekonsert i Bjerkreim kyrkje

Julaftan,

sundag 24. desember:

- kl. 13.00. Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje. Song: Vikeså Soul Kids

- kl. 14.30. Familiegudstenester i Bjerkreim kyrkje. Song: Bjerkreim barnekor

- kl. 16.00. Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Song: Sylwia Søyland

Juledag,

måndag 25. desember kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Musikalsk innslag: Veterane frå ungdomskoret under leiing av Arne Bjerkreim. Samt Elisabeth Moi, Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim og Sander Slettbo Grøsfjell.

Nyttårsaftan

31. desember kl. 23.00:

Lekmannsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje m/Svein Gunnar Sakseid.

DØYPTE

19.11.23 Alvind Elias Milwertz-Uhl

DØDE

27.10.23 Solveig Bjordal

02.11.23 Marion Alvilde Gåsland

10.11.23 Jørgen Ingvar Ivesdal

LYS VAKEN

Laurdag 02. og søndag 03. desember er det dukka for Lys Vaken i kyrkja. Då får alle barn på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkja, vera lys vakne for kvarandre og for Gud! Alle 9-åringar (født 2014) i soknet er hjarteleg velkomne. Invitasjon kjem til alle medlemmar i posten

SALMEKVELD

6. desember blir det samlekveld i kirken kl 19.00. Vi synger advent- og julesalmer på norsk og ukrainsk. Alle er hjertelig velkommen.



JULEHJELP

Frem til jul vil det stå en handlevogn på Extra for innsamling til Frelsesarmeens julehjelp. Gi gjerne en gave i form av tørrvarer som smørpålegg, vaskepulver, bakevarer osv. (OBS: ikke ferskvarer og kjølevarer). Fristen for å søke om julehjelp er 1. desember. Ta gjerne kontakt med diakoniarbeider dersom du er over fristen, men skulle trenge denne støtten. Ta også kontakt dersom du har større gaver som ved, egg eller andre produkter fra egen produksjon som du ønsker å gi bort.

JULEKONSERT I BJERKREIM KYRKJE

Velkomen til konsert søndag 17. des. kl 18.30! Desse deltek: Bjerkreim barnekor, Vikeså Soul Kids, Bjerkreim Brass Band, Tirla, Bjerkreim ungdomskor. Gratis inngang. Offer tll KRIK Bjerkreim .

BABYSONG

Det er babysong på kyrkjekontoret kvar torsdag kl 12. Vi har juleferie 21. og 28. desember. Velkomen!

LÅST TOALET PÅ GRAVPLASSEN

Vi har på nytt fått problem med at uvedkomande grisar og grapsar inne på toalettet på gravplassen ved Bjerkreim kyrkje. Dette gjer at vi held toalettet låst når det ikkje er arrangement i kyrkja. Seier oss lei for ulempene dette fører til.

ANDAKT OMSORGSSENTERET

Andaktane på omsorgssenteret skal framover vere på onsdagar, framleis kl 10.30.



GLORIEN OVER KVART MENNESKE

Kunst kan gjera oss samtidige med 1200-talets menneske, tenk det! I Stavanger domkyrkje skulle taket innvendig i koret pussast. Då oppdaga arbeidarane at det under lag av kalk fanst maleri av englevesen. Når kyrkja opnar igjen neste august får vi sjå det prestane såg då dei gjorde teneste der på slutten av 1200- talet. På dei eldste julebileta, ikona, er tida oppheva og englar og profetar står rundt Maria og Josef og den nyfødde.

Slik tenkjer eg tida også løyser seg opp kvar gang eit barn blir fødd. Vi er menneske av same slekt. Vi ser inn i eit nyfødd blikk, og barnet ser tilbake på oss med uutgrunneleg djupne.

I Hebrearbrevet kapittel 2 les vi: Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han òg fullt ut bli som dei. - For det er ikkje englar han tek seg av. Figurane på ikon og julekort har ofte glorie. Glorien finst over kvart menneske, fordi Gud blei fødd som ein av oss.

På same måte som kalkpuss skjulte maleri av englar i domkyrkja, kan rusk og ulike lag av historie skjula vårt sanne opphav. Ber likevel glorien din med ærefrykt. Representer Jesus. Han var ikkje redd for å oppsøkje andre med Guds kjærleik. Pave Leo sa i ei julepreike på 400-talet: «Sjå din verdi, du kristenmenneske. Lev ikkje under verdien din!»

Lyft blikket og sjå himlingen.

Biskop Anne Lise Ådnøy

INFORMASJONSSAMLING FOR NYE OG SNART KOMANDE EIGARAR/BRUKARAR AV GARDSBRUK I BJERKREIM

Er du ein av dei som nyleg har overteke gardsbruk eller skal gjera det om 1-2 år, er du velkommen til samling på Kommunehuset onsdag den 17. januar kl. 19.30 til 22.00. Her vil du bl.a. få informasjon om mange ulike tilskotsordningar, nydyrking, vegbygging, bu- og driveplikt og spreieareal. Det vil verta servert varmmat og ordførar/ varaordførar vil ha ei helsing. Vi avsluttar med kahoot 😊.

Påmelding til gerdse@bjerkreim.kommune.no innan 10. januar. Inviter gjerne med deg nokon du veit er aktuelle for dette!

MØTE OM BIOGASS - 9. JANUAR 2024

På årsmøte til Bondelaget vart det informert litt om planane for bygging av eit biogassanlegg her i Bjerkreim. Dalane Tidende har også hatt ein reportasje om temaet. Firmaet Vireo har teke initiativet til å sjå om det er interesse for dette, og kommunen har tilbudd dei ei tomt på Røysland industriområde. Vireo startar byggjinga av tilsvarande anlegg i Lyngdal og i Hardanger til våren.

Vi inviterer til eit ope møte tysdag 9. januar kl. 19.30 på Kommunehuset. Her vil bønder som har inngått avtalar med ulike firma om levering av husdyrgjødsel, fortelja om kva fordelar dei har med dette.

Målet er at vi i løpet av kvelden får mange bønder til å skriva seg på ei liste, at dei er positive til å levera husdyrgjødsel. Ein ynskjer også å få velja ei arbeidsgruppe/interimstyre som skal jobba vidare med å få til gode avtalar samla for alle bøndene.

Velkommen 😊 Håpar vi ser deg på eit interessant møte der du også vil få servert pizza!

Veit du at du vil koma, er det flott om du sender ein epost til gerdse@bjerkreim.kommune.no - så skal i alle fall du få nok pizza 😊

SØK OM TILSKOT TIL DRENERING

Frå 1. juli i år vart tilskotsattsane for drenering av jordbruksjord auka til kr 4000 per daa, eller kr 61 per meter ved tilskotsutmåling per lengdemeter. Dette er ei vesentleg auke frå tidlegare då tilskotet var på høvesvis kr 2500 og kr 38. God dreneringstilstand er avgjerande for god avling og reduksjon av køyreskader, og dessutan eit godt miljøtiltak. Som oftast vert ikkje dei tilgjengelege dreneringsmidlane i Rogaland brukt opp, slik at alle som søker og oppfyller vilkåra får innvilga søknaden.

Me minner om at arbeidet ikkje kan vera påbyrja før du søker, difor oppmodar me om at du søker i god tid før du skal gå i gang. Etter at søknaden er innvilga, har du tre års frist for å fullføra tiltaket. Erfaringsmessig veit me at vinteren kan vera ei god tid for grøfting, særleg om me får ein periode med frost. Om du har eit areal du skulle ha drenert, så vil det difor vera lurt å søkja om tilskot med ein gong, slik at alt er klart om plutsleg vêrtilhøva er gode for grøftearbeid.

Til slutt vil me minna om at det er viktig at det vert nytta tilstrekkeleg med filtermateriale av god kvalitet i grøftene. Hunebord har ingen filtereffekt, og kommunen vil ikkje betala ut tilskot til grøfter som er lagt med berre hun rundt røyren.



GOD JUL!

Vi på Landbrukskontoret vil ynskja dokke alle ei fredeleg julehøgtid, og håpar på eit godt og fruktbart 2024 😊
Standen til Destinasjon Bjerkreim

INFORMASJON

5 års-jubileum!



MEN FYSST KAFFI

handbrent.no

tegn et abonnement i dag på våre nye nettsider



GO Consult
Olav Engelsgjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net




fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «lØa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!


Vikeså

coop
byggmix

EXTRA

coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop

Eigersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS

DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no